



Sunnfjord kommune

Reguleringsføresegner

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde		Planid: 4647-20210008
		Arkivnr.:
Utarbeidd av: Statens vegvesen	Oppdragsgjevar: Statens vegvesen	Sign.:
Vedtak/Stadfesting:		Dato original føresegner: 07.11.2022
		Siste revisjon: 01.02.2023
Endringar	Dato:	Sign.:

1 Føremålet med planen

- 1.1 Føremålet med detaljreguleringsplanen er å sette av areal for bygging av ny E39 mellom Storehaugen og Bruland i Sunnfjord kommune.
- 1.2 Reguleringsplanen omfattar også areal til utbetring av fv. 57 ved Storehaugen og trafikktryggingstiltak langs eksisterande E39 sør for dagens kryss mellom E39 og fv. 57.
- 1.3 I reguleringsplanen inngår mellom anna areal til vegar, kryss, kollektiv, rasteplass, mellombelse anleggsområde og ny kontrollplass for tunge køyretøy.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

- 2.1 Areal vist med eigarform o_ er offentlege. Areal vist med eigarform f_ er felles for fleire eigedomar.
- 2.2 Tiltak eller arbeid i planområdet som kan gjere skade på veganlegget, konstruksjonane eller tunnel er ikkje tillate.

- 2.3** Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442) med rettleiing skal leggast til grunn for støytiltak. Permanente støytiltak skal gjennomførast før veganlegget er ferdigstilt.
- 2.4** Klima- og miljøverndepartementet si retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging kapittel 6, skal leggast til grunn i samband med luftforureining frå anleggsarbeidet.
- 2.5** Når veganlegget er ferdig skal skråningar, vegen sitt sideareal og omkringliggjande områder nytta i anleggsperioden opparbeidast etter prinsipp vist i landskapsteikning O2, O3, O4. Arealane skal ha god tilpassing til sideterreng.
- 2.6** VA-anlegg
- 2.6.1** Private grunnvassbrønner som tener som hovudvasskjelde og som kan bli negativt påverka av anleggsarbeidet på E39 skal overvakast (kvalitet/kapasitet) i samband gjennomføring av vegprosjektet. Ved fare for skade som følge av utbygginga, skal det før anleggsstart utarbeidast plan for muleg erstatning av brønn, og beredskap for mellombels vassforsyning. Brønner som vert øydelagde som direkte følge av veganlegget vert kobla til ny vassforsyning.
- 2.6.2** Det skal i samarbeid med kommunen utarbeidast ein tiltaksplan for sikring, ivaretaking og omlegging av infrastruktur for vatn og avløp som vert påverka av tiltaket.
- 2.6.3** Gjeldande reglar og forskrifter for ansvar ved legging og flytting av leidningar langs offentlege vegar gjeld så lang den går, jf. lov om vegar § 32 med forskrift FOR-2013-10-08-1212).
- 2.7** Det skal utarbeidast plan for ytre miljø (YM-plan) før arbeid med veganlegget vert starta opp. YM-planen skal på ein systematisk måte gjere greie for korleis krav og føringar for det ytre miljøet skal ivaretakast. Kapittel 6.2 i planomtalen gjev føringar for tema som skal innarbeidast i YM-plan, og som skal fylgjast opp ved prosjektering og under anleggsarbeidet.
- 2.8** Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Melding av funn skal straks sendast til Vestland fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andre ledd.
- 2.9** Framande artar skal kartleggast før anleggsstart. Det skal lagast ein tiltaksplan for handtering av framande artar som viser kva tiltak som må settast i verk for å hindre spreiding av artene.
- 2.10** Tiltak for å redusere trafikkfare som følge av viltkryssingar skal vurderast ved Bruland.

3 Føresegner for arealformål

3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12–5 nr. 2)

3.1.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 3.1.1.a Det kan ikkje gjennomførast tiltak som forverrar flaumtilhøva. Kulvertar/bruer for bekkar/overvatn som kryssar veganlegget skal dimensjonerast for 200 års-flaum, med klimapåslag for år 2100. Konstruksjonar under flaumnivå skal sikrast i høve flaum og erosjon.*
- 3.1.1.b Når anleggsarbeid på område som er regulert til samferdselsanlegg vert starta, skal matjord som ikkje er infisert av framande skadelege artar, takast av og lagrast på ein slik måte at jorda seinare kan nyttast som vekstmedium på jordbruksområde.*
- 3.1.1.c Avkøyrslar er viste på plankartet som køyreveg eller vist med pil (symbol 1242). Plassering av avkøyrslar vist med pil kan justerast.*

3.1.2 Gang- og sykkelveg (GS)

- 3.1.2.a Køyring fram til eigedomane er tillate på del av gang- og sykkelveg merka o_GS5 og o_GS16.*

3.1.3 Køyreveg (f_KV3)

- 3.1.3.a Vegen er felles for til gbnr. 60/51, 74, 98, 146*

3.1.4 Køyreveg (f_KV21)

- 3.1.4.a Vegen vert utforma som landbruksveg.*
- 3.1.4.b Vegen er felles for gnr./bnr. 206/1, 206/4, 206/7, 206/10, 206/13, 206/14.*

3.1.5 Køyreveg (f_KV24)

- 3.1.5.a Vegen vert utforma som landbruksveg*
- 3.1.5.b Vegen er felles for gnr./bnr. 207/1, 207/2 og 207/4.*

3.1.6 Køyreveg (f_KV29)

- 3.1.6.a Vegen vert utforma som landbruksveg*
- 3.1.6.b Vegen er felles for gnr./bnr. 207/1, 207/2.*

3.1.7 Køyreveg (f_KV31)

- 3.1.7.a Landbruksveg felles for gbnr 60/10 og 14 samt bruk av vegen for Jølstra Elveeigarlag i samband med fiske og kultivering i Jølstra ved Bergehølen, som fastsett av Jordskifteretten for Bruland Elvelag.*

3.1.8 Anna vegareal – tekniske anlegg (o_AVT)

- 3.1.8.a Det er tillate å føre opp bygg for drift av teknisk infrastruktur knytt til E39 (t.d. tekniske bygg ved tunnel) og andre leidningar/kablar som vert lagt om i samband med bygging av ny E39 og fv. 57 innanfor slike område.*

- 3.1.8.b Det er tillate å oppføre kontrollstasjon med kontrollhall og tilhørende kontorfasilitetar på felt o_AVT3. Anlegg for kontrollstasjon skal handsamast etter § 20-1 i plan- og bygningslova.*
- 3.1.8.c Det skal opparbeidast køyrbar tilkomst til o_VAN frå vegen som går over tunnelportal. Det er tillate å oppføre bygg for føremålet.*
- 3.1.9 Rasteplass (o_RP1)**
- 3.1.9.a Det kan oppførast bygningar og anlegg som naturleg høyrer til føremålet.*
- 3.1.10 Parkering (P2)**
- 3.1.10.a Parkering for tre bilar i samband med fiske og kultivering i Jølstra ved Bergehølen, som fastsett av Jordskifteretten for Bruland Elvelag. Gangtilkomst mot Jølstra over gnr./bnr. 60/14 felt # 14.*
- 3.2 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)**
- 3.2.1 Friområde (f_GF)**
- 3.2.1.a Fellesområdet er felles for dei som høyrer til innanfor planområde for reguleringsplan «Skilbrei». Felles friareal er tenkt som grønne lunger, for leik og rekreasjon. Områda skal ligge som naturområde, men det kan opparbeidast nærleikeplassar der fellesskapet finn dette mest formålstenleg.*
- 3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrifformål (§ 12-5 nr. 5)**
- 3.3.1 Fellesføresegner for landbruks-, natur- og friluftsområde og reindrifsområde**
- 3.3.1.a Nye jordbruksvegar skal opparbeidast etter dei prinsipp som er viste i landskapsteikning O2 - O4.*
- 3.3.2 På felt #9 kan arealet opparbeidast til dyrka mark (nydyrking).**
- 3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (§ 12-5 nr. 6)**
- 3.4.1 Fellesføresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag**
- 3.4.1.a Vegetasjonsbelte langs vassdrag skal i størst muleg grad bevarast. Der vegetasjon vert fjerna i samband med bygging av veganlegget skal det leggast til rette for naturleg revegetering eller plantast til med vegetasjon som naturleg høyrer til i området.*
- 3.4.2 Storelva vert lagt om der ny E39 kryssar elva. Arbeidet skal utførast slik at fiskevandring eller habitat for fisk og botndyr ikkje vert permanent forringa. Elveløpet vert reetablert som ope og naturleg bekkeløp med naturleg botnsubstrat og planta til med naturleg kantvegetasjon. Konstruksjonar, elveløp og landbruksveg skal erosjonssikrast.**
- 3.4.3 Lisjebekken på Bruland vert lukka under nye køyrevegar, elles skal bekken vere open. Tiltaket skal gjennomførast slik at fiskevandring og habitat for anadrom fisk og botndyr vert ivareteke. Vegetasjonsbelte langs den opne delen av vassdraget skal i størst muleg grad bevarast. Der vegetasjon vert fjerna i samband med bygging av veganlegget skal det leggast til rette for naturleg revegetering eller plantast til med**

vegetasjon som naturleg høyrer til i området. Det kan etablerast tilkomst til jordbruksteigar. Statens vegvesen skal rådføre seg med Statsforvaltaren før tiltak vert fastsett.

3.4.4 Det skal opparbeidast fiskesti i foten av ny mur mot Jølstra ved felt BSV8.

3.4.5 Retningslinjer for særlege drifts- og skjøtselstiltak (§ 12-7 nr. 9)

3.4.5.a *Innafor plangrensa skal det gjennomførast skjøtselstiltak for å bevare/betre habitat for anadrom fisk og botndyr i Lisjebekken på Bruland (felt BSV1, BSV2, BSV3) og skjøtselstiltak for å bevare/betre habitat for fisk og botndyr i Storelva ved Storehaugen (felt BSV6). Tiltak vert fastsette i plan for Ytre miljø. Statens vegvesen skal rådføre seg med Statsforvaltaren før tiltak vert fastsett.*

3.4.6 Anleggsarbeid i vassdrag (rennande vatn) skal utførast i perioden 15. juni – 30. september.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikringssone H130_ Transport

4.1.1 Sikringssone syner areal over/land tunnel

4.1.2 Alle tiltak og arbeid som kan skade veganlegget er forbode.

4.1.3 Alle tiltak i undergrunnen er forbode utan løyve frå vegeigar.

4.2 Faresone, H310_2 og H310_4 Ras og skredfare

4.2.1 Faresone viser aktsomhetsområde for snø- og steinskred ved tunnelportal ved Storehaugen (H310_2) og aktsomhetsområde for jord- og flomskred ved Brulandsberget (H310_4)

4.2.1.a *Nytt veganlegg skal sikrast mot skred. Eksakt utforming av sikringstiltak skal avklarast av ansvarleg geolog i samband med detaljprosjektering av veganlegget.*

4.3 Faresone, H310_1 Ras og skredfare

4.3.1 Faresone viser registrert kvikkleiresone 2489 Bruland.

4.3.2 Det kan ikkje startast opp byggearbeid for ny E39 i dagsone på Bruland før reell fare for kvikkleireskred er avklart etter fylgjande kriterium:

4.3.2.a *Reell fare for områdeskred skal vere avklart i samsvar med krav i pbl § 4-3. For at dette skal vere oppfylt skal krav i pbl § 28-1 og § 29-5, TEK17 kap. 7 og NVE sin rettleiar 1/2019 leggast til grunn for utredning av skredfare.*

4.3.2.b *Det skal utarbeidast geoteknisk rapport i samsvar med krava i punk a). Geoteknisk rapport skal kontrollerast av uavhengig 3.part (utvida kontroll). Tilrådde krav i geoteknisk rapport skal fylgjast opp i detaljprosjektering og ved utføring.*

- 4.3.2.c *Sikkerheit mot skred skal ivaretakast i alle fasar av utbygginga. Tiltaksklasse skal veljast ut frå vanskeleghetsgrad og konsekvens. Prosjektet på Bruland har tiltakskategori K4 etter Statens vegvesen handbok V220 «Geoteknikk i vegbygging» tabell 0.2 og NVE rettleiar 1/2019.*
- 4.3.3 Andre tiltak og arbeid enn det som er knytt til ny E39 må gjennomførast i tråd med gjeldande regelverk for tiltak i kvikkleireområde, jf. NVE Rettleiar 1/2019 Sikkerheit mot kvikkleireskred og TEK17. Kvikkleirevurdering med plan for ev. sikringstiltak må følgje byggesøknad, og det skal dokumenterast at grunnarbeid er kvalitetssikra av ansvarleg geoteknikkar. I byggesak skal tilstrekkeleg sikkerheit mot områdeskred vere oppfylt i høve til krav i plan- og bygningslova § 28-1, § 29-5 og byggteknisk forskrift kap. 7.
- 4.4** Faresone, H320_Flaumfare
- 4.4.1 Faresone syner faresone for flaum i Jølstra for 200-års flaum med klimapåslag.
- 4.4.1.a *Det kan ikkje gjennomførast tiltak som forverrar flaumtilhøva.*
- 4.4.1.b *Konstruksjonar skal sikrast mot erosjon.*
- 4.5** Faresone, H370_Høgspentanlegg
- 4.5.1 Det kan ikkje oppførast bygningar, utførast graving, utfylling eller andre tiltak utan løyve frå leidningseigar.
- 4.5.2 Bestemmelsen er likevel ikkje til hinder for bygging av samferdsleanlegg etter denne planen.
- 4.6** Bevaring kulturmiljø H570_1 og H570_2
- 4.6.1 Omsynssone viser historisk ferdselsveg mellom Langeland og Vadheim. Vegen skal i størst muleg grad bevarast.
- 4.7** Sikringssoner i kryss og avkøyrslar, H140_Frisikt
- 4.7.1 Siktsoner er vist på plankartet. Alle kryss og avkøyrslar til off. veg skal ha fri sikt i samsvar med vegnormalane for bygging av off. veg, gitt i handbok N100, Veg- og gateutforming (Vegdirektoratet). Eigar av primærvæg kan krevje sikthindrande vegetasjon, snø og gjenstandar høgare enn 0,5 meter over primær vegen fjerna.

5 Føresegner til føresegnsområde

- 5.1 Det kan ikkje startast opp byggearbeid for ny E39 i dagsone Bruland i plankart R15 og R16, før reell fare for kvikkleireskred er avklart og dokumentet, jf. punkt 4.3.1 over.
- 5.2** Anlegg- og riggområde generelt
- 5.2.1 I anleggsperioden kan alle område merka med mellombels anleggsområde på plankartet nyttast til rigg- og anleggsområde. Området kan også nyttast til utbetring

av overvassgrøfter, utskifting av overvass-/drensleidningar, kablar og naudsynte geotekniske sikringstiltak m.m.

- 5.2.2 Områda skal ryddast og settast i stand innan eit år etter at heile veganlegget er ferdig.
- 5.2.3 Med unntak av område som nemnt i punkt 3.3.2 (#9), skal områda settast i stand att og tilbakeførast til den bruk som var før veganlegget starta. På felt #9 skal dyrka mark settast i slik stand som før anleggsarbeidet starta og skogmark kan opparbeidast til dyrkbar mark.
- 5.2.4 Det skal gjerast naudsynte tiltak for å hindre skadeleg avrenning frå anleggsområde og masselager til omgjevnadene. Lisjebekken og Storelva skal miljøovervakast i anleggsperioden av utbyggar, for å kontrollere at skadeleg avrenning ikkje når ut i vassdraga.
- 5.2.5 I område der nytt veganlegg går tett inn mot Skilbrei naturreservat (del av plankart R4) skal grense for anleggsområdet vere fysisk markert i marka ved arbeid i området. Vegetasjonsbelte mot Skilbreivatnet, mellom KV20 og austre ende av f_KV21 skal i størst muleg grad bevarast.
- 5.2.6 Matjord som ikkje er infisert av framande skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at jorda seinare kan nyttast som vekstmedium på jordbruksareal.
- 5.2.7 Når heile veganlegget er ferdig utbygd fell regulering for anleggs- og riggområde bort.
- 5.3 Mellombels anleggsområde #9**
 - 5.3.1 Mellombels anleggs- og riggområde skal settast i stand att for bruk som jordbruksareal og utformast etter prinsipp som viste i landskapsteikning O3 etter bruk som anleggsområde. Endeleg utforming skal tilpassast mengde tilførte massar. Nye jordbruksvegar skal opparbeidast etter prinsipp vist i landskapsteikning O3.
- 5.4 Kulturminne # 20**
 - 5.4.1 Automatisk freda kulturminna ID 294723 på Bruland er frigjeve i planen med vilkår om arkeologisk utgraving før realisering av planen. Utbyggar skal varsle Vestland fylkeskommune i god tid før tiltak etter planen er ønska realisert. Riksantikvaren fattar deretter eit særskilt vedtak om omfang og kostnader for granskinga, jf. lov om kulturminne § 10.
- 5.5 Mellombels anleggsområde #15**
 - 5.5.1 Nytt terreng kan hevast dersom det er naudsynt ut frå geotekniske vurderingar av stabilitet. Maksimal helling er 1:6 og arealet skal settast i stand att som jordbruksareal.
- 5.6 Mellombels anleggsområde #11 og #16**

- 5.6.1 Det kan gjennomførast terrengtiltak eller andre stabiliseringstiltak dersom det er naudsynt ut frå geotekniske vurderingar av områdestabilitet. Området skal settast i stand att som jordbruksareal.

6 Rekkjefølgjeføresegner (§ 12-7 nr. 10)

- 6.1 Kollektivanlegg, nye landbruksvegar, avkøyrslar og gang- og sykkelvegar skal ferdigstillast samstundes med veganlegget.